



Reguleringsmyndigheten
for energi

FAGNE AS
Postboks 2015
5504 HAUGESUND

Vår dato: 08.12.2025

Vår ref.: 202416963-26

Dykkar ref.:

Vedtak om lovbrotsgebyr i sak om klage på saksbehandling - Fagne AS

Reguleringsmyndigheten for energi (RME) viser til vedtak av 25. juni 2025 i sak om klage på saksbehandling ved brot på forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet.

Vår avgjerd om lovbrotsgebyr er varsla i brev av 25. juni 2025.

1 Vedtak om lovbrotsgebyr

RME fattar følgende vedtak:

Fagne AS vert pålagt å betale eit lovbrotsgebyr på kr 2 500 000, to millionar og fem hundre tusen, for å ha brote forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet § 2-5.

Lovbrotsgebyret fastsettast med heimel i energilova § 10-7 andre ledd nr. 4, jf. forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet § 5-2a.

2 Beskriving av saka

Den 25. juni 2025 fatta RME vedtak om brot på forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet (leveringskvalitetsforskrifta) § 2-5 overfor Fagne AS (heretter Fagne) og varsla eit lovbrotsgebyr. Samtidig blei Fagne varsla om at RME vurderte å pålegge retting. I brev av 15. august 2025 meldte Fagne at dei ikkje kom til å klage på vedtaket, og opplyste at forholdet som medførte varsel om pålegg om retting, var følgt opp. I same brev kom Fagne med kommentarar til varsel om ilegging av lovbrotsgebyr.

RME legg vedtaket om brot på leveringskvalitetsforskrifta § 2-5 til grunn for den vidare behandlinga av spørsmålet om lovbrotsgebyr.

Den 25. juni 2025 fatta RME følgende vedtak etter forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet som var gjeldande fram til og med 31. desember 2024:

E-post: rme@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:
www.reguleringsmyndigheten.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



1. *Fagne AS har brote forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet § 2-5 tredje ledd ved å ikkje sende ei foreløpig vurdering og framdriftsplan innan éin månad i etterkant av kontakten med Statens vegvesen i oktober 2022 og april 2023.*
2. *Fagne AS har brote forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet § 2-5 fjerde ledd ved å ikkje utpeike utbetningsansvarleg i etterkant av kontakten med Statens vegvesen i oktober 2022 og april 2023.*
3. *Fagne AS har brote forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet § 2-5 andre ledd ved at målinga av spenningskvaliteten den 10. mai 2024 ikkje hadde minimum éi veker varigheit.*
4. *Fagne AS har brote forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet § 2-5 tredje ledd ved å ikkje sende ei tilstrekkeleg foreløpig vurdering og framdriftsplan innan éin månad i etterkant av kontakten med Statens vegvesen i mars 2024.*
5. *Fagne AS har brote forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet § 2-5 fjerde ledd ved utpeiking av utbetningsansvarleg i brev av 17. juni 2024.*
6. *Fagne AS har brote forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet § 4-2 andre ledd bokstav c ved å ikkje informere Statens vegvesen om resultat frå registreringar etter forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet § 2A-2 innan éin månad.*

Bakgrunnen i saka er beskriven i vedtaket om brot på leveringskvalitetsforskrifta. Punkt 3 i vedtaket i tillegg til RMEs vurdering av dei objektive forskriftsbrota i punkt 6 blir lagt til grunn og blir gjentatt her:

3 Beskriving av saka

RME mottok ei klage frå Statens vegvesen (heretter SVV) den 3. oktober 2024. SVV klagar på Fagne AS (heretter Fagne) si saksbehandling både i forkant av og etter ei klage på levert spenningskvalitet frå 21. mars 2024. SVV har seinare gitt utfyllande informasjon i brev av 20. november 2024 og i e-post av 13. januar 2025. Fagne har kommentert klaga i brev av 15. november 2024.

Beskrivinga av saka er delt inn i to periodar, kor den første omhandlar saksgangen i forkant av klaga sendt den 21. mars 2024 frå SVV til Fagne og den andre saksgangen etter.

3.1 Periode 1 (oktober 2022 – januar 2024)

Bakgrunnen for saka er at SVV i 2022 opplevde fleire feilmeldingar og utfordringar med ei nyetablert høgspenningslinje som skulle forsyne installasjonen deira i Lausasteintunellen i Ullensvang kommune. For å prøve å finne årsaka til problem med intermitterande belysning i tunellen utførte Fagne ei spenningskvalitetsmåling i installasjonen i oktober 2022. Denne målinga vart utført på førespurnad frå SVV sin entreprenør i prosjektet, OneCo, over telefon. Resultatet frå denne målinga vart ikkje gjort kjent for SVV i etterkant.



Ettersom problemet med belysninga i tunellen haldt fram vart det av OneCo bedt om ei ny spenningskvalitetsmåling gjennom ein kundeføresurnad til Fagne den 14. april 2023. Fagne monterte derfor ein tre-fase loggar som målte i tunellen frå 4. mai til 14. mai 2023. Den 16. juni 2023 orienterte Fagne SVV om resultatata frå spenningskvalitetsmålinga. Her opplyste Fagne at målinga var godt innanfor krava satt i forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet (leveringskvalitetsforskrifta), og at verdiane såg fine ut. Fagne bad derfor SVV sjekke eigen installasjon. I vidare korrespondanse opplyste Fagne om at også overharmoniske spenningar var inkludert i målingane og at desse var innanfor krava satt i forskrift.

I desember 2023 valde SVV å hyre inn eksterne konsulentar for å utføre spenningskvalitetsmålingar for å finne årsaka til problemet i installasjonen. Resultatet frå 4. desember 2023 viste høge verdier på overharmoniske spenningar som konsulentane meinte tilsvarte brot på leveringskvalitetsforskrifta. Etter å ha fått resultatata tok SVV igjen kontakt med Fagne den 7. desember 2023 kor dei etterspurde dei faktiske resultatata frå målingane utført av Fagne i oktober 2022 og mai 2023. Til dette svarte Fagne at deira tidlegare målingar også viste brot på forskriftsverdiane på overharmoniske spenningar for 21., 23. og 25. harmoniske. Dette er i motsetning til kva dei opplyste om i juni 2023.

Den 16. januar 2024 fekk SVV tilsendt Fagnes rapport frå målinga i oktober 2022 og nokre utklipp av dei målte overharmoniske spenningane frå mai 2023. Desse viste brot på grensene satt i leveringskvalitetsforskrifta i motsetning til det Fagne tidlegare hadde opplyst SVV om.

3.2 Periode 2 (21. mars 2024 – 3. oktober 2024)

På grunnlag av tilsendte resultat frå Fagne, som var avvikande frå tidlegare rapporteringar, sendte SVV inn ei klage på levert spenningskvalitet den 21. mars 2024. Fagne gav ei foreløpig tilbakemelding den 3. april 2024 og installerte ein tre-fase målar den 10. mai 2024 for å igjen måle spenningskvaliteten ved installasjonen. I forkant av klaga hadde SVV skilt anlegget frå nettet ved å leige ein like-/vekselrettar (UPS) for å minimere problema med belysninga. Derfor vart målinga den 10. mai 2024 gjennomført både med belysninga i anlegget og UPS-en tilkopla og utkopla.

Den 21. mai 2024 sendte Fagne eit svarbrev til SVV kor dei la ved skjermbilete av resultatata av overharmoniske spenningar frå målinga den 10. mai 2024. I brevet skreiv dei ingenting om det var eit brot på leveringskvalitetsforskrifta eller kven som var ansvarleg, men viste til forskrift om leveringskvalitet og NVE som klageinstans. Etter puring frå SVV med ønske om konklusjon og informasjon om resultatata sendte Fagne ei endeleg vurdering den 17. juni 2024. Her peikte Fagne på belysninga i tunellen som årsaka til problemet ettersom det etter deira vurdering ikkje var brot på leveringskvalitetsforskrifta då anlegget til SVV var utkopla. I etterkant av dette ønska SVV å få tilsendt rapporten frå målinga, og fekk etter puring denne tilsendt 28. juni 2024. Den 13. august 2024 purra SVV på Fagne med eit ønske om fullstendig svar innan 19. august på alle spørsmåla i klaga av 21. mars 2024. Fagne svarte aldri på denne e-posten og SVV valte derfor å klage til RME den 3. oktober 2024.

RME bad Fagne om informasjon i saka den 11. oktober 2024. I etterkant av dette utførte Fagne ei ny måling frå 14. oktober 2024 til 30. oktober 2024 som RME har fått tilsendt. Målinga var utført på nettstasjonen som forsyner SVV sitt anlegg og ein nærliggande nettstasjon under same høgspantanlegg.

Etter å ha høyrte begge partar, vurderte RME saka slik:



6 RMEs vurdering av saka

Vi vurderer saka i lys av energilova med tilhøyrande forskrifter.

Vi gjer merksam på at leveringskvalitetsforskrifta er endra frå 1. januar 2025. Denne saka vil bli behandla og vurdert etter dåverande gjeldande regelverk, sjå side 22 for vedlagt forskriftstekst for §§ 2-5, 3-7 og 4-2. Alle tilvisingar til regelverket i dette vedtaket er derfor til den tidlegare versjonen av forskrifta.

SVV har vore tydelege på at det er saksbehandlinga til Fagne dei klagar på og har bedt RME om å ikkje ta stilling til om spenningskvaliteten er i strid med leveringskvalitetsforskrifta. I sine kommentarar til varselet legg SVV fram argument for kvifor dei meiner dei ikkje er utbetningsansvarleg i saka. Frå dialog mellom SVV og RME i etterkant av desse kommentarane er det einigheit om at det framleis berre er saksbehandlinga som er påklaga. RME vil derfor ikkje ta stilling til om spenningskvaliteten er i strid med leveringskvalitetsforskrifta eller kven som har eit eventuelt utbetningsansvar i saka.

Etter RMEs syn framstår saksbehandlinga til Fagne generelt noko uklar og lite strukturert. Basert på dokumentasjon RME har mottatt er det blant anna fleire spørsmål frå SVV som aldri blei svart ut, og SVV har gjentatte gonger måtte purre for å få svar og på uklare formuleringar frå Fagne.

Slik vi ser det, er det derfor to spørsmål i saka. For det første om Fagne har følgd reglane for saksbehandling når ein kunde er misfornøgd med spenningskvaliteten. For det andre om SVV har fått nødvendig etterspurt informasjon om tekniske forhold.

6.1 Har Fagne følgd reglane for saksbehandling når ein kunde er misfornøgd med spenningskvaliteten?

Spørsmålet er om Fagne har brote leveringskvalitetsforskrifta § 2-5 om saksbehandlinga til nettselskap når kundar er misfornøgde med spenningskvaliteten.

6.1.1 Om regelverket

Føresegna seier kva nettselskapet må gjere og kva informasjon kunden har krav på når nettselskapet behandlar saka. Regelen inneber at nettselskapa har ei undersøkingsplikt, plikt til å orientere nettkunden og ei plikt til å peike ut kven som er utbetningsansvarleg viss undersøkingane har vist at forskrifta ikkje er overhaldt.

Føresegna skil mellom tilfelle der det er ei openberr årsak til problema og tilfelle der nettselskapet må gjere nærmare undersøkingar for å finne ut om det er brot på grenseverdiar for spenningskvalitet i forskrifta og kven som eventuelt er ansvarleg for problema. I § 2-5 første ledd er det gitt at openberre årsaker til brot på reglane i forskrifta skal utbetrast utan ugrunna opphald. I tilfelle der nettselskapet meiner at det ikkje er ei openberr årsak til problema kunden opplever, må dei følge saksbehandlingsreglane i § 2-5 andre til femte ledd.

Ifølge leveringskvalitetsforskrifta § 2-5 andre ledd skal nettselskapet utføre nødvendige målingar og utredningar når dei blir kontakta om misnøye med spenningskvaliteten, og det ikkje er ei openberr årsak til at kundens spenningskvalitet er for dårleg. Målingar som utførast, skal som minimum ha éi veker varigheit og skal så langt som mogleg reflektere tilsvarende driftsforhold som førespurnaden refererer til.



Leveringskvalitetsforskrifta § 2-5 tredje ledd seier at nettselskapet innan éin månad skal sende kunden ei foreløpig vurdering og ein framdriftsplan.

Nettselskapet skal etter leveringskvalitetsforskrifta § 2-5 fjerde ledd så snart som mogleg og seinast innan fire månader, finne fram til kven som er utbetningsansvarleg. Utbetningsansvarleg er den som er ansvarleg for å setje i verk eventuelle tiltak i samsvar med leveringskvalitetsforskrifta § 2-1 om utbetning. Dersom kunden er utbetningsansvarleg skal nettselskapet ta saka skriftleg opp med kunden og informere om eventuell utbetningsplikt. Dersom grenseverdiane berre overskridast i eige tilknytingspunkt og tilknytt nettselskap ikkje opplever problem som følge av det gjeld ikkje utbetningsplikta.

Det følger av § 2-5 femte ledd at tidsfristar i føresegnas andre til fjerde ledd kan fråvikast dersom tungtvegande grunnar skulle føreligge

6.1.2 Periode 1 (oktober 2022 – januar 2024)

6.1.2.1 Kvalifiserte kontakten i 2022 og april 2023 til behandling etter § 2-5?

Etter Fagnes vurdering kvalifiserer ikkje kontakten i periode 1 til behandling etter leveringskvalitetsforskrifta § 2-5. Dei meiner at kontakten per telefon i oktober 2022 berre var knytt til bistand frå Fagne for å avdekke eventuelle spenningsproblem i installasjonen til SVV og ikkje ei klage på spenningskvaliteten.

RME forstår saka slik at SVV hadde problem i installasjonen i forkant av førespurnaden hausten 2022 som dei mistenkte kunne skuldast spenningskvaliteten. Det er vår meining at det er sannsynleg frå kontakten per telefon i oktober 2022 og tydeleg frå kontakten i april 2023 at SVV gjennom sin entreprenør uttrykte misnøye med spenningskvaliteten og førespurte at målingar skulle bli utført. På bakgrunn av førespurnadene oppretta Fagne ei arbeidsordre for måling av spenningskvaliteten og utførte målingar.

Leveringskvalitetsforskrifta § 2-5 tar for seg kundars misnøye med spenningskvaliteten, og ordet som blir brukt om kontakten frå kunden er «henvendelse», og ikkje til dømes «klage». RME meiner derfor at det burde vere låg terskel for at ein kontakt knytt til spenningskvalitet kvalifiserer til behandling etter § 2-5.

I eit tidlegare vedtak¹ frå Energiklagenemnda kor det var tvil om klagen gjaldt spenningskvaliteten eller berre leveringspåliteligheten er nemnda tydeleg på at nettselskapet burde forhøyr seg med klagar om dei var usikre på kva klagen omfatta. Dersom Fagne var usikker på kva SVV forventa av behandling av deira misnøye kunne dei ha forhøyr seg med SVV. Vår vurdering er derfor at kontakten i periode 1 er tilstrekkeleg for å forvente behandling etter § 2-5, og vi legg dette til grunn i vidare vurderingar.

Fagne utførte målingar på bakgrunn av førespurnadene frå SVV. RME legg derfor til grunn at det dermed ikkje var ei openberr årsak til problema. Det vil seie at saka skulle blitt behandla etter § 2-5 andre til femte ledd.

¹ Sjå [vedtak](#) frå Energiklagenemnda av 17. oktober 2023.



6.1.2.2 Saksbehandlinga i 2022

Fagne meiner at målinga frå oktober 2022 gir feil grunnlag for konklusjon ettersom LED-lysanlegget til SVV er innkopla. Etter RMEs vurdering er det tydeleg frå mottatt dokumentasjon i form av målerapporten at målinga viste brot på leveringskvalitetsforskrifta.

Dersom Fagne i oktober 2022 meinte at målinga ikkje gav rett grunnlag burde dei ha utført nye målingar den gong og funne fram til kven som var utbetningsansvarleg innan fire månadar. Til tross for at målingane viste brot på leveringskvalitetsforskrifta utpeika ikkje Fagne nokon utbetningsansvarleg på bakgrunn av målingane i oktober 2022. Fagne sendte heller aldri ei foreløpig vurdering og framdriftsplan til kunden.

RMEs vurdering er derfor at Fagne har brote leveringskvalitetsforskrifta § 2-5 tredje og fjerde ledd etter kontakten frå SVV i oktober 2022.

6.1.2.3 Saksbehandlinga i 2023

På bakgrunn av nye målingar i SVV sin installasjon i mai 2023 opplyste Fagne feilaktig SVV i e-post av 16. juni 2023 at spenningskvaliteten i tilknytingspunktet var etter krava satt i forskrift. Fagne hevder dette var basert på ei misforståing mens SVV meiner at Fagne si saksbehandling var ufullstendig, mangelfull og ikkje etterretteleg. Fagne bekrefta gjentatte gonger i seinare e-postar at det ikkje var oppdaga noko problem med overharmoniske spenningar. Dette gjorde dei til tross for at Fagne hadde målerapportar frå både oktober 2022 og mai 2023 som viste brot. RME meiner Fagne med dette har opptreidd misvisande ovanfor SVV som har måtta brukt tid og ressursar på vidare feilsøking i installasjonen for å finne årsaka til problema.

Sjølv om målingane frå mai 2023 etter vår vurdering viser at forskrifta ikkje var overhaldd utpeika ikkje Fagne ein utbetningsansvarleg. Fagne sendte heller aldri ei foreløpig vurdering og framdriftsplan. RMEs vurdering er derfor at Fagne har brote leveringskvalitetsforskrifta § 2-5 tredje og fjerde ledd i etterkant av kontakten frå SVV i april 2023.

SVV meiner også at dei skulle fått resultata frå spenningskvalitetsmålingane då dei vart gjort kjend for Fagne. Fagne sendte resultata frå målingane frå oktober 2022 og mai 2023 til SVV først i januar 2024. I den versjonen av § 2-5 som var gjeldande på dette tidspunktet var det ikkje eit krav om at kunden skulle bli informert om resultatet av målingane. Gode grunnar kan likevel tale for at det kunne vore nyttig å dele resultata, noko som også no er kravet etter at forskrifta blei endra med verknad frå 1. januar 2025. Sidan denne saka vert behandla etter gammalt regelverk, jf. punkt 6.1.1, er vår vurdering at Fagne ikkje hadde plikt til å sende resultata til SVV då dei blei gjort kjende for Fagne.

SVV har i sine kommentarar til varselet poengtert at dei som nettkunde har blitt tillagt ei bevisbyrde og at Fagne har haldt tilbake informasjon. RME er einig i at SVV i denne saka har måtta tatt ansvar for deler av framgangen i saka som nettselskapet skulle ha sørga for etter leveringskvalitetsforskrifta § 2-5. Hensikta med § 2-5 er at nettselskapet skal undersøke om det er brot på grenseverdier til leveringskvalitetsforskrifta og peike på kven som er ansvarleg for eventuelle brot. SVV måtte på eige initiativ utføre målingar ved hjelp av eit konsulentfirma som påviste brot på leveringskvalitetsforskrifta til tross for at Fagne hadde måleresultat som viste det same. RME meiner at det er Fagne som burde sørga for framgang i saka, ikkje at SVV skulle bli tillagt bevisbyrda for å dokumentere feil.



6.1.3 Periode 2 (21. mars 2024 – 3. oktober 2024)

På grunnlag av tilsendte resultat frå Fagnes tidlegare målingar klaga SVV til Fagne på levert spenningskvalitet den 21. mars 2024.

Fagne utførte på bakgrunn av klaga ei ny måling av spenningskvaliteten i SVV sin installasjon den 10. mai 2024 med varigheit på nokre timar. Fagne har i brev til RME vore tydeleg på at det var hensiktsmessig å måle spenningskvaliteten både med belysninga i tunellen inn- og utkopla for å teste om belysninga var ei medverkande årsak for at grenseverdiar i leveringskvalitetsforskrifta vart overskridne. Målinga den 10. mai 2024 vart etter avtale gjennomført av Fagne både med SVV sin installasjon inn- og utkopla. SVV skriv i sine kommentarar til førehandsvarselet at dei meiner at målinga den 10. mai 2024 ikkje kan danne grunnlag for ei konklusjon om kven som har ansvar for utbetring og at den burde vore målt over ei lenger periode.

Etter § 2-5 andre ledd skal dei nødvendige målingane som nettselskapet utfører minimum ha éi veker varigheit. RME vurderte i førehandsvarselet at målinga den 10. mai 2024 ikkje medførte eit brot på forskrifta. Dette blei grunngjeve med å vise til at utkopling av tunellen over ein lenger periode ikkje var hensiktsmessig og sett på som ein tungtvegande grunn etter § 2-5 femte ledd for å fråvike tidsfristen om éi veker varigheit. Vi er einige med Fagne om at måling med installasjonen til SVV inn- og utkopla kan vere med å avdekke kven som er utbetningsansvarleg. Ei utkopling av installasjonen i tunellen over ein lengre periode ser vi framleis ikkje som hensiktsmessig, men i lys av kommentarane til SVV meiner vi at dette ikkje er god nok grunn til å ha ein måleperiode under éi veke. Ein moglegheit for å kunne sikre at målinga var etter forskrifta, samstundes som ein fekk undersøkt påverknaden til SVVs installasjon, hadde vore å kople ut installasjonen nokre timar etter avtale i løpet av ei måling med totaltid på éi veke. Ettersom målinga berre hadde ein varigheit på nokre timar den 10. mai 2024, utan det vi vurderer som ein tungtvegande grunn, er vår vurdering at Fagne har brote § 2-5 andre ledd.

Fagne utførte i etterkant av klaga til RME ei måling i oktober 2024 ved nettstasjonen som forsyner SVV sitt anlegg og ein nærliggande nettstasjon under same høgspenitanlegg. Målinga vart utført over 16 dagar og ho er beskriven i tilsendte dokument frå Fagne til RME i saka. Vi meiner denne målinga tilfredsstiller krava gitt i § 2-5 andre ledd og vil derfor ikkje pålegge Fagne å måle spenningskvaliteten på nytt.

Fagne sendte den 3. april 2024 eit foreløpig svar til SVV på klaga av 21. mars 2024. I svaret opplyste Fagne om at dei skulle montere eit instrument for å måle spenningskvaliteten, men gav ikkje informasjon om når dette skulle gjennomførast. Kunden skal innan éin månad få ei foreløpig vurdering og framdriftsplan og RME meiner denne som eit minimum bør innehalde ein plan for kva undersøkingar det er nødvendig å gjere, når dei skal gjerast, og eventuelle foreløpige vurderingar av allereie gjennomførte undersøkingar.

Dokumentasjon RME har mottatt tydar på at SVV også hadde fleire spørsmål til dette foreløpige svaret, blant anna om tidspunkt for måling, som RME ikkje kan sjå at blei svart på. Sjølv om Fagnes svar vart sendt innan éin månad er vår vurdering at informasjonen i brev av 3. april 2024 ikkje er tilstrekkeleg til å kunne bli rekna som ei foreløpig vurdering og framdriftsplan. Brevet den 3. april 2024 innehaldt ikkje nødvendig informasjon om dei vidare undersøkingane, som når dei var planlagt utførte. Vår vurdering er derfor at Fagne har brote leveringskvalitetsforskrifta § 2-5 tredje ledd ved å ikkje sende ei tilstrekkeleg foreløpig vurdering og framdriftsplan innan éin månad.



Fagne avviste klaga til SVV den 17. juni 2024 og tok ikkje på seg utbetningsansvar. I brevet den 17. juni 2024 konkluderte Fagne med at LED-belysninga i installasjonen var årsaka til problemet ved å vise til at målingane var etter forskriftskrava når installasjonen til SVV var utkopla.

RME meiner at Fagne i dette brevet peika på LED-lyset til SVV som årsak til problema og utpeika SVV som utbetningsansvarleg. I kommentarar til førehandsvarselet skriv SVV at det framleis er uklart for dei om og når dei fekk utbetningsansvaret, og peiker på at ei utpeiking burde uttrykkast meir eksplisitt. Kontakten mellom Fagne og SVV i etterkant av brevet den 17. juni 2024 før SVV klaga til RME ber også preg av at det ikkje var tydeleg for SVV at dei var utpeika som utbetningsansvarleg. Etter vår vurdering kunne Fagne ha vore tydelegare til SVV om at dei var utpeika som utbetningsansvarleg, i staden for å berre peike på at forskriftskrava ikkje var brotne då installasjonen til SVV var utkopla. Dette ville, som SVV tar opp i sine kommentarar til førehandsvarselet, gitt SVV ein moglegheit for å komme med tilbakemelding og eventuelle innvendingar på tildeling av ansvaret. Fagne opplyser i sine kommentarar til RME at SVV ikkje hadde ei utbetningsplikt ettersom det berre var i SVV sitt tilknytingspunkt forskrifta var broten. Vi meiner Fagne også burde ha opplyst SVV om dette.

Vi varsla at Fagne ikkje hadde brote § 2-5 fjerde ledd ettersom dei informerte i brevet av 17. juni 2024 at forskrifta berre var broten når installasjonen var innkopla. Sjølv om Fagne peika på at problema kom frå SVV sin installasjon innan fire månadar har SVV informert RME om at dei ikkje forstod at dei var utpeika som utbetningsansvarleg. Vi meiner det er viktig at den som er utpeika som utbetningsansvarleg forstår dette og deler vurderinga om at Fagne ikkje har vore tydeleg nok. Vår vurdering er derfor at Fagne har brote § 2-5 fjerde ledd.

Vi vil oppfordre til vidare dialog mellom SVV og Fagne om målingane som er utførte, både i mai og oktober 2024, og om kven som har eit utbetningsansvar i saka. RME vil, som opplyst tidlegare basert på SVV sine presiseringar i saka, ikkje ta stilling til kven som har eit utbetningsansvar. De har framleis moglegheit til å klage inn dette spørsmålet til RME på eit seinare tidspunkt om de ikkje skulle koma til ei einigheit.

3 Fagne sine kommentarar til varsel om lovbrotsgebyr

Fagne er av den oppfatning at den aktuelle saksbehandlinga ikkje kvalifiserer som eit forskriftsbrot, men har vedteke ikkje å klage på vedtaket. Fagne har gjennomført retting i samsvar med varsel om pålegg.

Fagne hevdar prinsipalt at lovbrotsgebyr ikkje er ein passende sanksjon i denne saka.

Under føresetnad av at det likevel blir ilagt lovbrotsgebyr, hevdar Fagne at det varsla gebyret framstår svært høgt.



3.1 Lovbrottsgebyr bør ikkje bli ilagt

3.1.1 Varsla vedtak samsvarer ikkje med vedtakspraksis. Praksisendring bør skje i tilknytning til nytt regelverk

Det er ikkje tidlegare reagert med lovbrottsgebyr for brot på leveringskvalitetsforskrifta § 2-5. Det varsla vedtaket bryt markant med etablert praksis for brot på leveringskvalitetsforskrifta. Det blir vist til vedtak av 22. oktober 2024 i sak 202412071-5, 1. september 2023 i sak 202222415-19, 2. mars 2023 i sak 202219805-18, 1. november 2022 i sak 202211415-10 og 29. mars 2022 i sak 202113459-8. I vedtaket frå 2. mars 2023 varsla RME at lovbrottsgebyr kan komme på tale, men Fagne viser til at dette ikkje er følgt opp i seinare vedtak.

Ei slik plutselig retningsendring verkar vilkårleg, og lite naturleg ettersom eit nytt regelverk er tredd i kraft. Fagne har forståing for at det må reagerast på manglande overhalding av saksbehandlingsreglar, men meiner det ikkje verkar like forståeleg at nærverande sak skal nyttast for å statuere eit eksempel av preventive omsyn. Dei meiner det naturlege hadde vore å sanksjonere første rettmessige brot på dei nye krava etter leveringskvalitetsforskrifta § 2-5 som tredde i kraft 1. januar 2025. Dette ville synleggjort den tilsikta skjerpinga med nettselskapa si saksbehandling og skapt ein betre presedens for vidare oppfølging av det nye regelverket.

3.1.2 Det skjerpa beviskravet er ikkje oppfylt

Fagne meiner at lovbrottsgebyr ikkje kan bli ilagt ettersom det skjerpande beviskravet ikkje er oppfylt. Fagne kan heller ikkje sjå at RME har gjennomført ei vurdering av om det skjerpa beviskravet er oppfylt verken for dei objektive eller subjektive vilkåra. Denne vurderinga må gjennomførast i forhold til kvart enkelt forskriftsbrot. Det synest som om RME berre har lagt til grunn Statens vegvesen (heretter SVV) sine opplysningar om faktum utan å ta stilling til beviskravet.

3.2 Lovbrottsgebyret må reduserast

3.2.1 Manglande preventiv effekt

Lovbrottsgebyr vil ikkje ha individualpreventiv effekt då Fagne har tatt lærdom av saka og endra praksis forut for varselet frå RME. Eit etterfølgande gebyr vil ikkje fremme dei individualpreventive omsyna.

Det er forståeleg at RME ønsker å statuere eksempel for å synleggjere behovet for at nettselskap følger krava til saksbehandling i lov og forskriftsverk. Det er likevel lite konsistent å gi eit så høgt gebyr som varsla når det ikkje tidlegare har vore reagert med lovbrottsgebyr for brot på leveringskvalitetsforskrifta. Dette blir forsterka av at det med verknad frå 1. januar 2025 har skjedd regelendringar som skjerpar pliktene til nettselskapa etter føresegna. Det ville vore meir konsistent og skapt ein betre presedens å vente med og reagere med lovbrottsgebyr til det blei konstatert brot på den skjerpa regelen.



3.2.2 Ikkje grunnlag for grov aktløyse

Det er ikkje grunnlag for å konkludere med at regelbrotet er aktlaust og i alle fall ikkje grovt aktlaust. Saka og regelbrotet kjem av ei misforståing og det er ikkje grunn for å klandre Fagne. Ikkje alle brot på forskriftskrava kvalifiserer til aktløyse. Det er uansett ein høg terskel for å karakterisere forholdet som grovt aktlaust.

Fagne viser til at telefonsamtalen i oktober 2022 ikkje blei oppfatta som ein førespurnad som utløyste behandling etter § 2-5. Dette medførte ei rekke avleidde utfordringar knytte til andre, tredje og fjerde ledd. Førespurnaden blei oppfatta som eit behov om hjelp for å avdekke feil. Dette hjelpte Fagne med.

Vidare hevdar Fagne at det ikkje ligg føre eit grunnlag for å hevde at Fagne har gitt feilinformasjon. Dei meiner at RMEs vedtak bygger på eit feilaktig faktisk grunnlag når det blir lagt til grunn at Fagne har opplyst til SVV at dei utførte målingane var i samsvar med krava til spenningskvalitet i leveringskvalitetsforskrifta. Fagne meiner dei ikkje har gitt, og heller ikkje har meint å gi, informasjon om at målingane var utførte eller vurderte opp mot dei aktuelle krava i leveringskvalitetsforskrifta.

Fagne merker seg at første e-post frå SVVs underentreprenør med spørsmål om harmonisk støy blei mottatt i e-post datert 14. april 2023 og hevdar at den tydelege klaga på spenningskvalitet kom 21. mars 2024.

Fagne meiner det er sentralt å understreke at heile sakskomplekset har sitt opphav i ei misforståing som ikkje gav Fagne grunn til å setje i verk undersøkingar etter leveringskvalitetsforskrifta § 2-5. Det blei følgeleg ikkje gjennomført denne typen undersøkingar, men det vart gitt anna hjelp. Det er ikkje tale om å halde tilbake resultatet av undersøkingar som kunden har krav på å få, eller på annan måte gitt feilaktige opplysningar.

Fagne har ikkje halde tilbake eller feilinformert kunden eller prøvd å omgå eller bryte kravet i forskrifta.

Det kan ikkje vektleggjast at Energiklagenemnda i vedtak av 17. oktober 2023 i avsnitt 62 seier at det er ansvaret til nettselskapet å oppklare uklarleikar knytte til førespurnader. Denne oppklaringa kom i ettertid av dei påståtte forskriftsbrot.

3.2.3 Føretaket sine interesser og oppnådde fordelar ved brotet

RME har riktig vurdert at eit påstått brot på regelverket ikkje er gjort for å fremme interessene til føretaket. Det er også rett at Fagne ikkje har hatt eller kunne ha oppnådd nokon fordel ved brotet eller at eit påstått brot har skjedd i vinnings hensikt. Dette er for lite vektlagt i utmåling av gebyret.

3.2.4 Andre forhold

Momenta oppramsas i forvaltningslova § 46 (2) er ikkje uttømmende.

Forholda nemnt forhold i spørsmålet om å gi gebyr, må vektleggjast i formildande retning ved utmåling av gebyr.



Omsynet til føreseielege forhold tilseier at det må utvisast moderasjon ved utmåling av lovbrotsgebyr i saker der det ikkje er fastsett nokon øvre grense for individuell utmåling av lovbrotsgebyr. Dette er også understreka av Marknadsrådet i MR-2022-1386 der Marknadsrådet i avsnitt 36 uttaler at ei tilsikta skjerping av praksis må skje gradvis og at rettstryggleiksbetraktningar tilseier at fråværet av ei øvre ramme må medføre at moglegheita til å skjerpe praksis er noko avgrensa.

Det varsla vedtaket og RMEs ønske om å gi «eit tydeleg signal på at denne typen brot vil bli reagert på» tek ikkje omsyn til føringane frå Marknadsrådet og inneber eit brot med tidlegare einsarta vedtakspraksis. RMEs uttale om at det varsla vedtaket ikkje er «det grovaste brotet på regelverket» understrekar at gebyret verkar uforholdsmessig strengt i lys av dei faktiske og rettslege omstenda i saka.

4 RMEs kompetanse til å illegge lovbrotsgebyr

4.1 Heimel for å illegge lovbrotsgebyr

Lovbrotsgebyr er eit verkemiddel for å sikre at føresegnene i leveringskvalitetsforskrifta vert etterlevd. Hovudformålet med denne typen reaksjonar er den preventive effekten, det vil seie å førebygge at liknande hendingar skjer igjen, i same eller andre tilsvarande nettselskap.

Det følger av energilova § 10-7 andre ledd nr. 4, at RME kan illegge lovbrotsgebyr etter reglane i forvaltningslova § 44 til den som forsettleg eller uaktsamt bryt «forskrift, når det i forskrift er særskilt bestemt at overtredelsen kan medføre overtredelsesgebyr».²

I leveringskvalitetsforskrifta § 5-2a er det særskilt bestemt at det ved brot på § 2-5 kan bli ilagt lovbrotsgebyr.

Dersom føresegner nemnt i energilova § 10-7 andre ledd nr. 4, er brotne av nokon som har handla på vegner av føretak, kan lovbrotsgebyr bli ilagt føretaket etter reglane i forvaltningslova § 44 jf. § 46.

Ved avgjerda av om et lovbrotsgebyr skal bli ilagt eit føretak, og ved individuell utmåling av gebyret, kan det særleg leggst vekt på blant anna momenta i forvaltningslova § 46 andre ledd.

² Etter forvaltningslova § 44 andre ledd kan lovbrotsgebyr bli ilagt etter faste satsar eller utmålast i det enkelte tilfelle innanfor ei øvre ramme som må fastsettest i eller i medhald av lov. Departementet kan gi forskrift om slike rammer. Ei slik forskrift som definerer øvre rammer eller satsar er ikkje vedtatt for føresegnene vi her varslar lovbrotsgebyr for. Ifølge ei tolkingsutsegn frå lovavdelinga datert 13. desember 2022 til Barne- og familiedepartementet drøfter lovavdelinga betydninga av at slike øvre rammer ikkje er vedtatt. Vi viser til vurderingane som kjem fram der. Etter RMEs vurdering har vi heimel til å illegge lovbrotsgebyr, til tross for at det i strid med forvaltningslova § 44 andre ledd ikkje er vedtatt ei øvre ramme for lovbrotsgebyr for brot på dei relevante føresegnene.



4.2 Det er eit krav om alminneleg aktløyse eller forsett for å gi lovbrotsgebyr

Leveringskvalitetsforskrifta § 5-2a og energilova § 10-7 andre ledd nr. 4 jf. forvaltningslova § 46 angir at lovbrotsgebyr kan bli ilagt føretak, når den eller dei som har opptreidd på vegner av føretaket har vist alminneleg aktløyse eller forsett. Skulda må dekke dei faktiske omstenda som utgjør brot etter lova. Dette følger av dekningsprinsippet.

Skuldkravet kan vere oppfylt uavhengig av om det ligg føre simpel aktløyse eller ei kvalifisert grad av skuld (grov aktløyse eller forsett). Grada av skuld vil likevel kunne vektleggast ved utmålinga av lovbrotsgebyr. Kravet til aktløyse inneber at den ansvarlege må ha visst eller burde ha visst at handlinga er i strid med kravet til forsvarleg framferd, og at det ut frå personen sine egne føresetnader er grunnlag for å klandre vedkommande, jf. definisjonen i straffelova³ § 23.

Ved brot på reguleringslovgiving som rettar seg mot næringsverksemd, gjeld ei streng aktsemdsnorm. Føretak som driv økonomisk verksemd, blir føresett å setje seg godt inn i den reguleringa som gjeld føretaksverksemda. Det skal lite til for å konstatere aktløyse ved brot på slik regulering. Ansvar vil i praksis ligge tett opp mot det som følgde av tidlegare lovgiving, nemleg eit objektivt ansvar med unntak av hendeleg uhell og force majeure.⁴

Denne strenge aktsemdsnorma er også lagt til grunn av Energiklagenemnda. Vi viser til Energiklagenemndas sak 2024/0329⁵, avsnitt 113:

«Det er en streng aktsomhetsnorm knyttet til etterlevelse av lovgivning som regulerer næringsvirksomhet. Det skal således lite til for å konstatere uaktsomhet ved brudd på denne type regulering. Dette gjelder særlig der den aktuelle overtredelsen består av en unnlatelse av å følge nærmere bestemte handlingsnormer for utøvelsen av næringsvirksomhet på det aktuelle området. Hvis det er tale om handlingsnormer som det må forventes at foretaket kjenner til, vil en manglende overholdelse av normene i seg selv som utgangspunkt anses som uaktsomt, jf. Prop. 81 L (2021 – 2022) punkt 5.5 s. 29. Selv om terskelen for overtredelse i visse tilfeller er lav, er det forutsatt på samme side i forarbeidene at foretak ikke skal ilegges administrativ sanksjon ved overtredelser som må anses som hendelige uhell eller utslag av force majeure.»

Kravet til subjektiv skuld kan vere oppfylt der det kan påvisast at selskapet er ansvarleg ved anonyme eller kumulative feil.⁶ Det betyr at føretaket kan haldast ansvarleg også i tilfelle der individuelle gjerningspersonar ikkje kan identifiserast (anonyme feil) eller for summen av fleire personars handlingar utan at nokon av feila er grove nok til å medføre ansvar for kvar enkelt person (kumulative feil).

³ <https://lovdata.no/lov/2005-05-20-28>

⁴ Prop.81 L (2021-2022) punkt 5.5

⁵ [2024/0329 - Klagenemndssekretariatet](#)

⁶ Prop.81 L (2021-2022) punkt 6.4



4.3 Det gjeld eit skjerpa beviskrav for ilegging av lovbrotsgebyr

I rettspraksis⁷ er det oppstilt eit skjerpa beviskrav for ilegging av lovbrotsgebyr. Det krevst kvalifisert sannsynsovervekt. Tilsvarande blir lagt til grunn i forarbeida til energilova § 10-7, der departementet skriv at sidan lovbrotsgebyr er ein administrativ sanksjon, er det bevismessig eit krav om kvalifisert sannsynsovervekt.⁸

RME legg til grunn at dette beviskravet gjeld ved vurderinga av både subjektive og objektive vilkår, og ved vektlegginga av skuldgrada som ledd i utmåling av reaksjon.

5 RMEs vurdering av om lovbrotsgebyr skal bli ilagt og gebyrets størrelse

RME konkluderte i vedtak av 25. juni 2025 med brot på leveringskvalitetsforskrifta § 2-5. Dette vedtaket er ikkje påklaga.

Som gjort greie for i vedtaket er saka vurdert etter leveringskvalitetsforskrifta slik den var formulert og med dei krav som gjaldt etter dåverande gjeldande regelverk, sjå side 24 for vedlagt forskriftstekst for §§ 2-5, 3-7 og 4-2. Alle tilvisingar til regelverket i dette vedtaket er derfor til den tidlegare versjonen av forskrifta.

5.1 Fagne har handla grovt aktlaust - Skuldkravet og beviskravet er oppfylt

Fagne som nettselskap har brote ei rekke plikter i samband med saksbehandling der ein nettkunde er misfornøgd med spenningskvaliteten.

Ei viktig oppgåve for eit nettselskap er å sørge for ein spenningskvalitet i tilknytingspunktet til nettkundar som følger grenseverdiane sat i leveringskvalitetsforskrifta kapittel 3. Ein god spenningskvalitet er viktig for at den elektriske energien skal kunne nyttast og ikkje øydelegge elektriske apparat. Nettselskap skal ha kompetanse på å måle spenningskvaliteten og vurdere om spenningskvaliteten er innanfor grenseverdiane til spenningskvalitet som er gjevne i leveringskvalitetsforskrifta. Instrumenta som nettselskapa nyttar for å måle spenningskvalitet genererer rapportar som gir oversikt over om leveringskvalitetsforskrifta er følgt. Desse rapportane er enkle å tolke og ein ser raskt om det er brot på krava til spenningskvalitet. På bakgrunn av målte brot på leveringskvalitetsforskrifta skal nettselskapet peike ut kven som er utbetningsansvarleg.

⁷ Rt.2012 s.1556, lagt til grunn at det generelt gjeld eit minstekrav om «klar sannsynsovervekt» ved vilkår for ilegging av administrative sanksjonar som har karakter av straff etter EMK artikkel 6.

⁸ Prop.100 L (2019-2020) punkt 5.2.1. til endringar i energilova (administrative reaksjonar og sanksjonar) energilova § 10-7.



RME vurderer, som gjort greie for i varselet om lovbrøtsgebyr av 25. juni 2025, at det med kvalifisert sannsynsovervekt er bevist at Fagne har opptreidd grovt aktlaust ved ikkje å behandle førespurnadane frå SVV i oktober 2022 og april 2023 etter pliktreglane i leveringskvalitetsforskrifta § 2-5, andre til femte ledd. RME legg til grunn at det her er tale om anonyme feil i selskapet.

Videre braut Fagne § 2-5 andre, tredje og fjerde ledd i vidare saksgang i 2024.

Fagne meiner at skuldkravet og beviskravet ikkje er oppfylt. Vi vil derfor gjere greie for RMEs vurderingar av dei enkelte brota.

5.1.1 Fagne handla grovt aktlaust i 2022

RME deler ikkje Fagnes oppfatning om at saka har utspringet sitt i ei misforståing. Det er ikkje motsagt at SVV v/OneCo per telefon tok kontakt med Fagne i oktober 2022 for å få hjelp til å avdekke eventuelle spenningsproblem i installasjonen til SVV. Som påpeika frå Fagne, er det uklart kva som blei sagt i samtalen. Dersom Fagne var usikker på kva SVV forventa av behandling av deira misnøye, skulle dei ha forhøyr seg med SVV. Det er ansvaret til nettselskapet å avklare uklarleikar knytte til innhaldet i førespurnaden. Vi viser til uttalen frå Energiklagenemnda i vedtak av 17. oktober 2023⁹. Uttalen gjeld forståinga av det regelverket som gjaldt på tidspunktet for vår sak. At uttalen er av nyare dato enn brota i vår sak, har dermed ikkje betydning.

RME vurderer likevel ikkje innhaldet i samtalen som avgjerande for aktsemdsvurderinga. Det avgjerande for vurderinga er at Fagne på bakgrunn av førespurnaden agerte og utførte målingar. Dette er ikkje motsagt og blir lagt til grunn som bevist med klar sannsynsovervekt. At Fagne faktisk agerte på førespurnaden frå SVV ved å gjennomføre målingar, viser at Fagne var klar over at SVV hadde tatt kontakt og at årsaka til førespurnaden var utfordringar med spenningskvaliteten hos SVV. Rapporten RME har fått lagt fram frå målinga, er markert med «Failed» i raud skrift, og markerer tydeleg at målingane viste eit brot på krava til spenningskvaliteten gitt i leveringskvalitetsforskrifta. RME vurderer det grovt aktlaust at Fagne ikkje agerte då målinga viste eit klart avvik. Det må forventast at nettselskap, som er ein profesjonell aktør, i alle fall gjennomfører nærare undersøkingar for å avklare kva som var årsaka til dette måleresultatet og kven som er ansvarleg for eventuell utbetring.

Dersom Fagne ikkje genererte ein rapport frå målinga eller gjekk gjennom ho, blir også dette vurdert som ei grovt aktlaus handling frå ein profesjonell aktør. Dette gjeld særleg ettersom målinga blei gjennomført på bakgrunn av ein førespurnad frå ein kunde og skulle nyttast til å hjelpe kunden. Denne vurderinga gjeld uavhengig av kva som blei formidla i den omtalte telefonsamtalen.

RME vurderer dermed at førespurnaden slik han blei mottatt og behandla av Fagne, klart kvalifiserte for behandling i samsvar med leveringskvalitetsforskrifta § 2-5. Dette er også konkludert i vedtaket av 25. juni 2025, noko Fagne ikkje har påklaga. Dei vidare brota som er konstaterte har dermed også årsaka si i denne første grovt aktlause handlinga/unnlatinga.

⁹ [Sak 2023/448](#)



5.1.2 Fagne handla grovt aktlaust i 2023

Fagne har sjølv opplyst at kontakten frå SVV v/OneCo i april 2023 gjaldt harmonisk støy. Frå denne kontakten i april 2023 vurderte vi i vedtaket at det var tydeleg at SVV uttrykte misnøye med spenningskvaliteten.

Fagne meiner at dei ikkje har gitt feil informasjon og heller ikkje gitt informasjon om at målingane var utførte eller vurderte opp mot krava i leveringskvalitetsforskrifta. RME er ikkje einig i dette.

Fagne gjennomførte ei måling, frå 4. mai til 14. mai 2023, og opplyste til SVV at målingane var innanfor krava til spenningskvalitet sjølv om målingane viste brot på grenseverdiar for spenningskvalitet i samsvar med krava i leveringskvalitetsforskrifta. Dette er dokumentert gjennom framlagte e-postar. I e-post datert 16. juni 2023 skreiv Fagne at *«Målingene er godt innenfor våre leveringskrav og verdiene ser helt fine ut.»* og vidare den 19. juni 2023 at *«Målingene på harmoniske var normale og godt under kravene for spenningskvalitet».*

Vidare hevdar Fagne at dei ikkje har gjort den typen undersøking som forskrifta føreskriv. Målinga utført i mai 2023 var ei trefase spenningskvalitetsmåling som hadde ei varigheit over éi veke, som er kravet i § 2-5. Dette er bekrefta av Fagne i e-post av 26. juni 2023 kor det står at *«Måleinstrumentet var utplassert i vår nettstasjon i litt over en uke (7 dager). Vi trenger minimum 7 dager for å få en godkjent rapport. Ut i fra våre målinger ble det ikke avdekket noe unormalt, både for spenning og THD.»* Når det blir vist til «rapport» i e-posten er det naturleg å anta at det er snakk om rapporten som blir generert på bakgrunn av måleresultata. Måleutstyr brukt i Noreg for å måle spenningskvaliteten genererer rapportar som sjekkar målingane opp mot krava sat i leveringskvalitetsforskrifta. Desse rapportane er enkle å tolke og ein ser raskt om det brot på krava til spenningskvalitet.

Når Fagne i desember 2023 gav dei korrekte opplysningane, som viser målingar i strid med forskriftskrav, kan ikkje RME sjå at det er nokre faktiske forhold som har endra seg. Målingane til Fagne viste brot på grenseverdiar for spenningskvalitet då målingane blei gjennomførte, og dei same brota blei målt av SVV sine konsulentar i desember 2023. Det verkar derfor tydeleg for RME at Fagne på bakgrunn av kontakten i april 2023 utførte nødvendige målingar, men informerte SVV om at målingane var innanfor krava, sjølv om det ikkje var tilfellet.

Det er openbert at informasjon som blir gitt skal vere korrekt. Det er også openbert at den informasjonen som blei gitt ikkje var korrekt. Det naturlege kravet til spenningskvalitet, deriblant overharmoniske er gitt i leveringskvalitetsforskrifta. Fagne kan dermed ikkje høyrast med at målingane og resultata av målinga ikkje blei utført eller vurdert opp mot krava i leveringskvalitetsforskrifta. Ikkje berre var opplysningane feil, men dette innebar også at det ikkje blei utpeika utbetningsansvarleg, og vidare at ein ikkje fekk sett i gang sjølve prosessen med å utbetre spenningskvaliteten.



RME vurderer at det er bevist med kvalifisert sannsynsovervekt at Fagnes framferd og unnlatingar som utgjer brot etter leveringsforskrifta § 2-5 tredje og fjerde ledd overfor SVV i 2023, var grovt aktlause. Sjølv om Fagne ikkje hadde plikt til å gi informasjon om måleresultata til SVV etter dågjeldande § 2-5, er det klart grovt aktlaust å gi opplysningar som står i direkte motstrid med den informasjonen Fagne hadde.

5.1.3 Fagne braut regelverket i 2024

Det er også konstatert at målinga den 10. mai 2024 og den vidare saksbehandlinga i 2024 innebar brot på leveringsforskrifta § 2-5 andre, tredje og fjerde ledd. Det blir vist til vurderinga i vedtaket om brot på leveringskvalitetsforskrifta i punkt 6.1.3, sjå punkt 2 ovanfor.

5.2 Lovbrottsgebyr blir ilagt

RME fastheld si vurdering om at det er riktig å ilegge lovbrottsgebyr i denne saka. Avgjerda om lovbrottsgebyr skal påleggast, skal skje etter ei skjønsmessig heilskapsvurdering. Forvaltningslova § 46 oppgir ei rekke omsyn som kan bli tillagt vekt. Lista er ikkje uttømmande. Det skal mellom anna bli tatt omsyn til følgande moment når RME skal avgjere om det skal påleggast lovbrottsgebyr, og korleis det skal utmålast:

- Den preventive verknaden av sanksjonane
- Grovskapen til regelbrotet, og om nokon som har handla på vegner av føretaket har vist skuld
- Om føretaket ved retningslinjer, opplæring, kontroll eller andre tiltak kunne ha førebygd regelbrotet
- Om regelbrotet er gjort for å fremme interessene til føretaket
- Om føretaket har hatt eller kunne oppnådd nokon fordel ved regelbrotet
- Om det eksisterer gjentakning
- Den økonomiske evna til føretaket
- Om andre reaksjonar som følge av lovbrotet blir ilagt føretaket eller nokon som har handla på vegner av det, mellom anna om enkeltpersonar blir ilagt administrativ sanksjon

Vi vurderer først Fagne sin kommentar om at lovbrottsgebyr ikkje skal bli ilagt ettersom det ikkje samsvarer med vedtakspraksis. Deretter vil vi gå gjennom momenta som nemnt over.

5.2.1 Å ilegge lovbrottsgebyr i denne saka strider ikkje med vedtakspraksis

Fagne har peikt på at det varsla vedtaket ikkje samsvarer med vedtakspraksis. Dei viser til fleire saker kor det ikkje har blitt ilagt lovbrottsgebyr og meiner at ei praksisendring bør skje etter regelendringa frå 1. januar 2025.



Dette er første gong RME ilegg lovbrotsgebyr for brot på leveringskvalitetsforskrifta § 2-5. Dei siste åra har RME behandla mange klagesaker knytte til saksbehandlinga til nettselskapa ved spenningskvalitetsklager etter § 2-5. I mange av sakene blei det gjort vedtak om brot på forskrifta utan at det blei ilagt lovbrotsgebyr. Blant anna på bakgrunn av manglande overhalding av regelverket blei leveringskvalitetsforskrifta revidert med tydelegare krav til saksbehandlinga til nettselskapa. Regelendringa gjeld med verknad frå 1. januar 2025. I forkant av denne endringa har vi også ved nokre høve informerte om moglegheita for å legge lovbrotsgebyr for brot på § 2-5, både i enkeltvedtak og i samtalar med bransjen. Dette blei blant anna gjort i sak 202219805 som Fagne viser til.

Det følger av leveringskvalitetsforskrifta, også slik ho var formulert før 1. januar 2025, at RME kan ilegge lovbrotsgebyr ved brot på blant anna leveringskvalitetsforskrifta § 2-5. At RME har varsla men ikkje ilagt lovbrotsgebyr for brot på saksbehandlingsreglane i leveringskvalitetsforskrifta kan ikkje avskjere RME for å nytte denne myndigheita der dette blir vurdert nødvendig og formålstenleg. At RME utøver lovheimla myndigheit for å gjennomføre lovpålagde oppgåver utgjer ingen "vilkårleg og plutselig" retningsendring. Blant anna viser denne saka at bransjen ikkje i tilstrekkeleg utstrekning har tatt på alvor dei signala som er sende.

At forskriftsendringa frå 1. januar 2025 tydeleggjer ansvaret til nettselskapa, gir ikkje amnesti for regelbrot gjort før forskriftsendringa.

RME har blant anna i nokre av dei sakene Fagne viser til; 202211415, 202222415 og 202412071 konstatert brot på § 2-5 andre, tredje og fjerde ledd utan å følge opp med lovbrotsgebyr. Etter vår vurdering er ikkje brota i desse sakene like alvorlege som i denne saka. I dei nemnde sakene brukte nettselskapa for lang tid på å peike ut utbetningsansvarleg, men dei utpeika til slutt ansvarleg part. Dei andre to sakene Fagne viser til; 202113459 og 202219805 ser vi også på som mindre alvorlege kor det berre blei konstatert brot på § 2-5 tredje ledd. Eit moment som skil denne saka frå sakene Fagne viser til, er at Fagne unnlét heilt å peike ut utbetningsansvarleg, både etter målingane i oktober 2022 og mai 2023, sjølv om desse viste brot på leveringskvalitetsforskrifta. SVV måtte derfor sjølv engasjere eksterne konsulentar for å få gjennomført målingar som bekrefta overskridingar av grenseverdiane for overharmoniske spenningar. Etter vår vurdering er det ein vesentleg forskjell mellom å bruke for lang tid på å finne fram til utbetningsansvarleg, og å la vere å gjere det, trass i tilgjengelege måleresultat som tilsa at utbetningsansvarleg skulle utpeikast. Vidare skil denne saka seg ut ettersom Fagne feilaktig informerte SVV om at målresultata var i samsvar med forskriftskrava, som vist til i punkt 5.1.2. I saka har Fagne opptreidd misvisande ovanfor SVV som har måtte brukt tid og ressursar på vidare feilsøking i installasjonen for å sjølv finne årsaka til opplevde problem med spenningskvaliteten.

5.2.2 RMEs vurdering

RME meiner det særleg på bakgrunn av den preventive verknaden på gebyret, grovskapen til handlinga, at handlinga kunne vore førebygd, skadeverknadene for SVV, elementet av gjentakning og den økonomiske evna til selskapet, er nødvendig og riktig å ilegge lovbrotsgebyr.



Lovbrotgebyrets *preventive* verknad er eit av dei mest sentrale momenta som blir vurdert. Eit lovbrotsgebyr er ein belastande reaksjon frå forvaltninga. RME vurderer at det er riktig å illegge lovbrotsgebyr fordi det er viktig å sørge for at nettselskapa etterlever sine pålagde plikter og oppgåver knytt til leveringskvalitet. Det er viktig å gi eit tydeleg signal på at denne typen brot vil bli reagert på. RME vel å gjere dette for å bidra til å unngå at same feil skjer i Fagne eller andre selskap i framtida. Dette sjølv om Fagne etter det dei har opplyst har retta opp i rutineane sine.

RME vurderer at *grovskapen* til brota tilseier at det blir ilagt lovbrotsgebyr. Vi viser til vurderinga i punkt 5.1 om at Fagne har opptreidd *grovt aktlaust* ved regelbrota. RME reagerer særleg på at det er eit regelbrot som kjem av at det har blitt gitt feil informasjon til ein nettkunde. RME meiner det er openbert at informasjon som blir gitt frå eit nettselskap til ein nettkunde må vere korrekt. Nettselskapet må derfor alltid sørge for at den informasjonen som går ut, er korrekt. Dette er viktig sidan denne informasjonen kan vere knytt til andre plikter og oppgåver for nettselskapet, som den eventuelle nettkunden må forhalde seg til og vil innrette seg etter.

RME har også lagt vekt på at SVV har vore skadelidande ved at dei måtte betale ein ekstern aktør for ytterlegare testing, og at dei investerte i eigne tiltak for å betre spenningskvaliteten etter at Fagne feilaktig opplyste om at alt var bra. Det er ikkje gitt at ein betre saksbehandling hadde ført til ei økonomisk innsparing, men saka kunne vore avslutta raskare. Den forlenga saksbehandlinga har ført til at vesentleg infrastruktur ikkje har fungert som tiltenkt i lengre tid enn nødvendig. 5.1

Regelbrota kunne vore *førebygd*. Eit nettselskap må organisere seg og arbeidet sitt slik at pålagde plikter og oppgåver blir gjennomført korrekt og i samsvar med eventuelle gitte tidsfristar. Etter leveringskvalitetsforskrifta § 2-5 er det ikkje krav til nettselskap om å ha rutinar på korleis nettselskapet skal handtere førespurnader om leveringskvalitet og den vidare oppfølginga. RME meiner likevel det er klart at dette regelbrotet kunne ha vore unngått dersom Fagne hadde hatt på plass rutinar for korleis dei skal følge opp førespurnader og målingar som skjer i samband med § 2-5.

Fagne har opplyst om at dei hausten 2024 sette i gang tiltak, mellom anna ny prosess for saksbehandling av klager på spenningskvalitet og eit opplæringsprogram. Vidare skal analyse no utførast av ulike fagmiljø som har rett analyse- og saksbehandlingskompetanse. Fagnes handtering av saka vitnar om at arbeidet til nettselskapet ikkje var godt nok i utgangspunktet. At dei har sett i gang tiltak er positivt, men påverkar ikkje vår vurdering om gebyret skal bli ilagt.

RME meiner også at andre tiltak, slik som meir dialog med SVV i denne saka, ville ha kunne førebygd brot på leveringskvalitetsforskrifta § 2-5, slik at saksgang og spørsmål om utbetningsansvar hadde vore avklart tidlegare.

Vidare har det her vore *gjentaking* av regelbrot ved at same føresegn blei brote i 2022 og 2023. Fagne har også brote leveringskvalitetsforskrifta § 2-5 i 2024, sjå punkt 6.1.3 i RMEs vedtak om brot på leveringskvalitetsforskrifta, som sitert i del 2.



Fagne er av dei 10 største nettselskapa i Noreg, og har ein god og stabil *økonomi*. Fagne hadde i 2024 og 2023 ei inntektsramme på høvesvis om lag 823 og 833 millionar kr, ei omsetning på høvesvis om lag 1 226 og 1 054 millionar kr, eit driftsresultat for nettverksemda på høvesvis om lag 375 og 301 millionar kr og ei avkastning på høvesvis 9,18 % og 8,09 %¹⁰. Dette taler for at Fagne både hadde moglegheit for å løyse problemet før det vart eit brot på forskrift, og at dei toler gebyret RME gir dei.

Basert på dei faktiske forholda har RME ingen haldepunkt for å seie at dette regelbrotet er gjort for å fremme Fagnes *interesser*. Vidare meiner vi det er klart at Fagne ikkje har eller kunne ha oppnådd nokon *fordel* ved regelbrotet. Vi reknar det som klart at det er i interessa til nettselskapet å sikre ein tilstrekkeleg leveringskvalitet. På bakgrunn av dei tungtvegande preventive omsyn, brota sin grovskap og elementet av gjentakning, er ikkje dette utslagsgivande i heilskapsvurderinga av om gebyr skal bli ilagt.

I denne saka er det ikkje aktuelt å gi andre reaksjonar, administrative sanksjonar eller straff som følge av regelbrotet.

RME vurderer etter dette at det er riktig å ilagge lovbrotsgebyr.

5.3 Utmålinga av gebyret

Lovbrotsgebyret skal vere verknadsfullt, stå i rimeleg forhold til regelbrotet og verke avskrekkande. Dette inneber at RME skal gjere ei konkret, skjønnsmessig vurdering i kvart enkelt tilfelle. I denne konkrete saka braut Fagne leveringskvalitetsforskrifta § 2-5 tredje og fjerde ledd i 2022 og i 2023, jf. punkt 6.1.2 i RMEs vedtak. Fagne braut same føresegn i 2024, men RME har ikkje lagt vekt på dette i utmåling av gebyret, då vi meiner at dette er mindre graverande brot.

Ved vurdering av størrelsen på gebyret skal det bli lagt vekt på dei same vurderingsmomenta som er gjennomgått i punkt 5.1. Vi viser derfor til vurderingane over.

Ved utmålinga har vi sett særleg hen til at dette er eit grovt aktlaust brot. Det er her tale om brot på ei av kjerneoppgåvene til eit nettselskap, dette er ein del av det faglege som nettselskapet skal kunne. Fagne si saksbehandling har vore mangelfull og misvisande overfor SVV. Vidare er det her snakk om eit regelbrot som kunne vore unngått eller oppdaga fortare, om Fagne hadde hatt på plass tilstrekkelege interne rutinar eller andre tiltak for betre dialog med nettkundane sine.

RME legg også vekt på den preventive effekten eit lovbrotsgebyr har, og vurderer at det i dette tilfellet bør bli gitt ein sum som blir opplevd som korreksjon, men ikkje som urettferdig. Dette for å sende eit signal til også andre nettselskap om at det er viktig at dei ivaretar kjerneoppgåvene sine som å sikre forskriftsmessig leveringskvalitet. Dei individualpreventive omsyna står ikkje like sterkt nå som då varselet blei sendt. Det blir vist til at Fagne har opplyst om at dei har endra rutinar. Dette er likevel ikkje av avgjerande betydning for størrelsen på gebyret sett hen til grovskapen til brotet, at brota kunne vore førebygde eller unngått og dei allmennpreventive omsyna.

¹⁰ Tal henta frå [årsrapporten](#) til Haugaland Kraft for 2024.



Det er viktig å sjå hen til den økonomiske evna til selskapet og Fagne har som eit av Noregs ti største nettselskap tilstrekkelege økonomiske musklar. Når det først er vedtatt brot på reglane i leveringskvalitetsforskrifta og vurdert at det skal bli ilagt eit gebyr, må gebyret vere av ein viss størrelse for å oppnå tilstrekkeleg verknad. Det er per i dag ikkje fastsett nokon faste satsar eller øvre ramme for utmåling av lovbrotsgebyr i tråd med forvaltningslova § 44. Fagne har i samband med dette vist til Marknadsrådets uttale i sak MR-2022-1386:

«Som nevnt fører ikke fraværet av en fastsatt øvre ramme for individuelt utmålt overtredelsesgebyr til at vedtaket blir ugyldig, men Markedsrådet har kommet til at dette forholdet må få betydning ved utmålingen av gebyrets størrelse. Frem til en øvre ramme for overtredelsesgebyr blir fastsatt med hjemmel i markedsføringsloven, tilsier rettssikkerhetsbetraktninger at muligheten til å skjerpe praksis er noe begrenset.»

RME er ikkje underlagt Marknadsrådets myndigheit og Energiklagenemnda har foreløpig ikkje uttalt seg om konsekvensar av den manglande “øvre ramme” for gebyr. RME er einig med Marknadsrådet i at rettstryggleiksgarantiar tilseier at moglegheita til å skjerpe praksis er noko avgrensa. I denne saka er det likevel ikkje snakk om å skjerpe praksis, men å vedta eit gebyr på eit område der det ikkje kan seiast å ligge føre ein etablert samanliknbar praksis for utmåling av lovbrotsgebyr. Til samanlikning blir det vist til Energiklagenemnda si uttale i sak 2024/0329: “Saken er den første som gjelder overtredelsesgebyr for brudd på bestemmelsene om markedsmanipulasjon. Det har dermed ikke utviklet seg et sammenlignbart nivå gjennom praksis, og nemnda slutter seg til de momenter og skjønnsmessige vurderinger som ligger til grunn for RMEs utmåling.”

I ovannemnde sak stadfesta Energiklagenemnda eit gebyr på 5 millionar kroner. Føretaket hadde ei omsetning på 353 millionar svenske kroner og eit driftsresultat på 133 millionar svenske kroner, og nemnda vurderte gebyret som lågt sett i forhold til den økonomiske evna til føretaket. Vi viser også til RMEs vedtak i sak 202212559 der eit nettselskap blei ilagt eit lovbrotsgebyr på kr 2 500 000. Regelbrotet var meir alvorleg enn i vår sak, men gebyret var forholdsmessig større vurdert i forhold til selskapets økonomi.

Fordi det er viktig at nettselskapa tar sitt ansvar for saksbehandling på alvor, meiner RME at det er formålstenleg med eit lovbrotsgebyr på kr 2 500 000 som for Fagne utgjer 0,24 % av omsetninga og 0,83 % av driftsresultatet i 2023 og 0,20 % av omsetninga og 0,67 % av driftsresultatet i 2024¹¹. Som ei samanlikning kan det sjåast hen til konkurranselovgevinga der det er fastsett ei øvre ramme på 1 % av omsetninga for dei mindre alvorlege regelbrotet og inntil 10 % av omsetninga for dei meir alvorlege brota¹². Vidare gir brot på blant anna marknadsføringslova moglegheit til å legge lovbrotsgebyr på inntil fire prosent eller 25 millionar av næringsdrivande si årsumsetning¹³.

¹¹ Tal henta frå [årsrapporten](#) til Haugaland Kraft for 2024.

¹² [Forskrift om utmåling og lempning av overtredelsesgebyr - Lovdata](#)

¹³ [Forskrift om utmåling av tvangsmulkt og overtredelsesgebyr - Lovdata](#)



Etter ei konkret, skjønnsmessig vurdering i denne saka fastset vi derfor eit lovbrotsgebyr på kr 2 500 000, to millionar og fem hundre tusen.

RME noterer at dette er første gong eit brot på leveringskvalitetsforskrifta blir reagert på med eit lovbrotsgebyr. RME legg til grunn at det i framtidig saker derfor kan tenkast at størrelsen på gebyret vil justerast.

6 Klage

De kan klage på dette vedtaket. Fristen for å klage er **12. januar 2026**. Klagefristen er normalt 3 veker frå underretning av vedtaket er kome fram til vedkommande part, jf. fvl. § 29. RME meiner likevel det er særlege grunnar for å forlenge klagefristen i denne saka på grunn av betydninga og omfanget i saka, jf. fvl. § 29 siste ledd. Kлага skal sendast til rme@nve.no. Les meir på side 22 om korleis de klager. Krava til klagen følger av forvaltningslova [kapittel VI](#).

7 Har de spørsmål?

Send e-post til rme@nve.no dersom de har spørsmål. Hugs å oppgi saksnummer i emnefeltet.

Med helsing

Erlend Kringlebotten

Avdelingsingeniør

Godkjent av Tore Langset
Direktør

Godkjent i samsvar med RME sine interne rutinar.

Mottakarliste:

FAGNE AS

Kopimottakarliste:

Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig Kristiansand DA



Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket ?	Viss du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan òg klage på vedtaket viss du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klaga?	Du må adressere klaga til Energiklagenemnda men sende ho til RME. RMEs e-postadresse er: rme@nve.no. RME vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom RME ikkje endrar vedtaket, vil vi sende klaga til Energiklagenemnda
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Viss vedtaket ikkje har komme fram til deg, startar fristen å springe frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje behandlast dersom det har gått meir enn 1 år sidan RME fatta vedtaket.
Du kan få grunngjevinga for vedtaket	Viss du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be RME om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut
Kva skal med i klaga?	Klaga bør vere skriftleg. I klaga må du: - Skrive kva vedtak du klagar på. - Skrive kva resultat du ønskjer. - Opplyse om du klagar innanfor fristen. - Underteikne klaga. Viss du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klaga. I tillegg bør du grunngje klaga. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unntatt offentlegheit. Du kan vende deg til RME for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Viss du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på RME sitt vedtak, og klaga er avgjort av Energiklagenemnda som overordna forvaltningsorgan.



	Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 måneder sidan du sende klaga, og det ikkje kjem av forsøming frå di side at klaga ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom RME eller Energiklagenemnda endrar vedtaket til fordel din, kan du søke om å få dekt vesentlege og naudsynte kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa er basert på reglane i forvaltningslova i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36



§§ 2-5, 3-7 og 4-2 før 1. januar 2025

§ 2-5 Nettselskapenes saksbehandling ved misnøye med spenningskvaliteten

Henvendelser fra nettkunder om misnøye med spenningskvalitet skal rettes til det nettselskapet kunden er tilknyttet. Åpenbare årsaker til brudd på bestemmelsene i denne forskriften, skal utbedres uten ugrunnet opphold, jf. § 2-1.

Nettselskapet skal ved henvendelser der det ikke er en åpenbar årsak, utføre nødvendige målinger og utredninger. Nettselskapet kan i slike tilfeller kreve at kunden skriftlig beskriver forholdene som har ført til misnøyen. Målinger som utføres, skal som minimum ha én ukes varighet og skal så langt som mulig reflektere tilsvarende driftsforhold som henvendelsen refererer til.

Nettselskapet skal så snart som mulig og senest innen én måned, oversende nettkunden en foreløpig vurdering og fremdriftsplan.

Nettselskapet skal så snart som mulig og senest innen fire måneder, finne frem til den som er ansvarlig for å iverksette eventuelle tiltak i henhold til § 2-1. Dersom forholdet antas å ha opprinnelse hos en tilknyttet nettkunde, herunder andre nettselskap, skal nettselskapet ta saken skriftlig opp med denne, og informere om utbedringsplikt i henhold til denne forskriften.

Tidsfrister angitt i annet, tredje og fjerde ledd kan fravikes dersom tungtveiende grunner tilsier dette. Nettkunden skal informeres skriftlig med begrunnelse og ny fremdriftsplan med tidsangivelse.

Nettselskapet kan ikke kreve særskilt vederlag for saksbehandling etter første til femte ledd.



§ 3-7 Overharmoniske spenninger

Nettselskap skal sørge for at total harmonisk forvrengning av spenningens kurveform ikke overstiger 8 % og 5 %, målt som gjennomsnitt over henholdsvis ti minutter og én uke, i tilknytningspunkt med nominell spenning fra og med 230 V til og med 35 kV.

Nettselskap skal sørge for at individuelle overharmoniske spenninger ikke overstiger følgende verdier, målt som gjennomsnitt over ti minutter, i tilknytningspunkt med nominell spenning fra og med 230 V til og med 35 kV:

<i>Odde harmoniske</i>				<i>Like harmoniske</i>	
<i>Ikke multiplum av 3</i>		<i>Multiplum av 3</i>			
Orden h	U_h	Orden h	U_h	Orden h	U_h
5	6,0 %	3	5,0 %	2	2,0 %
7	5,0 %	9	1,5 %	4	1,0 %
11	3,5 %	> 9	0,5 %	> 4	0,5 %
13	3,0 %				
17	2,0 %				
19, 23, 25	1,5 %				
>25	1,0 %				

Nettselskap skal sørge for at total harmonisk forvrengning av spenningens kurveform ikke overstiger 3 %, målt som gjennomsnitt over ti minutter, i tilknytningspunkt med nominell spenning fra 35 kV til og med 245 kV.

Nettselskap skal sørge for at individuelle overharmoniske spenninger ikke overstiger følgende verdier, målt som gjennomsnitt over ti minutter, i tilknytningspunkt med nominell spenning fra 35 kV til og med 245 kV:

<i>Odde harmoniske</i>	<i>Like harmoniske</i>
------------------------	------------------------



<i>Ikke multiplum av 3</i>		<i>Multiplum av 3</i>			
Orden h	U_h	Orden h	U_h	Orden h	U_h
5	3,0 %	3	3,0 %	2	1,5 %
7, 11	2,5 %	9	1,5 %	4	1,0 %
13, 17	2,0 %	15, 21	0,5 %	6	0,5 %
19, 23	1,5 %	> 21	0,3 %	> 6	0,3 %
25	1,0 %				
>25	0,5 %				

Nettselskap skal sørge for at total harmonisk forvrengning av spenningens kurveform ikke overstiger 2 %, målt som gjennomsnitt over ti minutter, i tilknytningspunkt med nominell spenning over 245 kV.

Nettselskap skal sørge for at individuelle overharmoniske spenninger ikke overstiger følgende verdier, målt som gjennomsnitt over ti minutter, i tilknytningspunkt med nominell spenning over 245 kV:

<i>Odde harmoniske</i>				<i>Like harmoniske</i>	
<i>Ikke multiplum av 3</i>		<i>Multiplum av 3</i>			
Orden h	U_h	Orden h	U_h	Orden h	U_h
5, 7	2,0 %	3	2,0 %	2	1,0 %
11, 13, 17, 19	1,5 %	9	1,0 %	4, 6	0,5 %
23, 25	1,0 %	15, 21	0,5 %	> 6	0,3 %



>25	0,5 %	> 21	0,3 %		
-----	-------	------	-------	--	--

§ 4-2 Informasjon om tekniske forhold ved leveringspålitelighet og spenningskvalitet

Nettselskap skal ved henvendelser fra nettkunder, informere om gjeldende relevant regulering av leveringskvalitet.

Nettselskap skal på forespørsel fra nåværende eller fremtidige nettkunder, senest innen én måned, informere om leveringspålitelighet og spenningskvalitet i egne anlegg. Følgende elementer skal det kunne informeres om:

- Nominell forsyningsspenning i tilknytningspunkt, og grenseverdier for spenningskvaliteten.
- Resultater fra feilanalyser utført i henhold til forskrift om systemansvaret.
- Resultater fra registreringer utført i henhold til § 2A-1 og § 2A-2.
- Estimerte antall nåværende og fremtidige kortvarige avbrudd i nettkundens tilknytningspunkt, på bakgrunn av registreringene av historiske data, utført i henhold til § 2A-1.
- Estimerte antall og varighet av nåværende og fremtidige langvarige avbrudd i nettkundens tilknytningspunkt, på bakgrunn av registreringene av historiske data, utført i henhold til § 2A-1.
- Estimerte antall nåværende og fremtidige kortvarige over- og underspenninger i egne forsyningsområder, på bakgrunn av registreringene av historiske data, utført i henhold til § 2A-2 første ledd.
- Beregnet minimal og maksimal kortslutningsytelse for tilknytningspunkt. Ved vesentlige endringer i minimal og maksimal kortslutningsytelse, skal dette meddeles de berørte nettkunder som er tilknyttet i høyspenningsnettet.
- Spesielle forhold i nettet som kan ha innvirkning på leveringskvaliteten, for å forberede nettkunder på forhold som kan oppstå. Eksempler på dette kan være: spesiell risiko for fasebrudd i spolejordet nett eller koblingstransienter, bruk av gjeninnkoblingsautomatikk i egne nettanlegg, naturgitte forhold, med mer.

Nettselskap kan ikke kreve særskilt vederlag for informasjon som gis etter første og annet ledd.

Nettselskap skal, basert på faktiske målinger i et gitt punkt i nettet, informere om nivå av langsomme spenningsvariasjoner, flimmerintensitet, grad av spenningsusymmetri og overharmoniske spenninger, dersom nåværende eller fremtidige nettkunder skriftlig ber om dette.

Nettselskap kan kreve at nettkunden dekker nødvendige kostnader for å utføre plikter i henhold til fjerde ledd.